

gms/17

Kopi av brev fra
STATENS FORUREININGSTILSYN

Borstrondi skytterlag
5710 SKULESTADMO

Saksbeh.: May Grethe Svenningsen

2183/84 MGS/HH
430/27-84

31. JULI 1984

LØYVE TIL SKYTEBANE VED ÅRSBREKKEGJELET I VOSS KOMMUNE

Vi viser til Dykkar søknad av 5. mars 1984.

I medhald av § 11 i lov av 13. mars 1983 no. 6 om vern mot forureiningar og om avfall gir Statens forureiningstilsyn (SFT) med dette Borstrondi skytterlag løyve til skyting på ein skytebane ved Årsbrekkegjelet på gnr. 73, bnr. 1, i Voss kommune, Hordaland fylke.

Vilkår for løyvet:

1. Løyvet gjeld frå d.d.
2. Løyvet omfattar følgjande anlegg og våpentypar:
 - a) 200 m bane med 12 skiver
 - b) 100 m bane med 5 skiver
 - c) 50 m bane med 20 skiver.

Det skal berre nyttast våpen som er godkjende av Det frivillige Skyttervesen.

3. Standplassen for 200 m banen og 100 m banen skal overbyggjast.

./. Andre generelle vilkår går fram av vedlegg til dette brevet.

Grunngjeving

Det er ikkje komme innvendingar mot søknaden frå noko hald.

Det er utført utrekningar av støynivået. Utrekningsmetoden er basert på dei ugunstigaste vind- og temperaturtilhøva. Resultatet viser at støynivået er heller lågt for den nærmaste busetnaden.

Da utrekningane viser at skytebanen vil liggje svært bra til, har ikkje SFT funne det aktuelt å leggje tidsrestriksjonar på bruken av banen. Det vil likevel vere mogleg på eit seinare tidspunkt å fastsetje avgrensingar dersom røynslene med bruken av anlegget viser at dette er naudsynt. Ein viser til pkt. 4 i dei generelle vilkåra.

Erstatningsansvar, høve til klage m.v.

Løyve til utslepp fritenk ikkje for erstatningsansvar etter dei vanlege erstatningsreglane, jfr. § 10, 2. ledd i lov om vern mot forureiningar og om avfall.

Partane i saka eller andre med særleg klageinteresse kan klage til Miljøverndepartementet på løyvet innan 3 veker frå melding om avgjerda er teke imot. I ei eventuell klage skal ein nemne det vedtaket som ein klagar på, og den eller dei endringar ein ønskjer. Ein bør grunngi klagen og nemne andre opplysningar som har noko å seie for saka. Klagen skal sendast til Statens forureiningstilsyn (SFT).

Dersom det blir klaga på løyvet, trer ikkje løyvet i kraft før saka er endeleg avgjort. SFT eller Miljøverndepartementet kan dispensere frå denne avgjerda.

Med nokre avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Ein kan få nærmare opplysningar om dette ved å vende seg til SFT. Andre opplysningar om sakshandsamingsreglar som har noko å seie for saka, vil også SFT kunne gi på forespurnad.

Kopi av løyvet er sendt dei andre partane i saka.

Etter fullmakt

Rolv Biørnstad

Uno Abrahamsen

0069D

GENERELLE VILKÅR

1. Eigenkontroll og ansvar

Borstrondi skyttarlag pliktar, gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak, å syte for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader til ein kvar tid blir mest mogleg avgrensa. Heri ligg mellom anna ei plikt til så langt som mogleg å søkje å hindre unormale driftsforhold som er årak til auka støynivå.

Borstrondi skyttarlag pliktar skriftleg å varsle SFT når nye støydempende tiltak m.v. blir sette i gang.

2. Inspeksjonar

Borstrondi skyttarlag pliktar å la representantar for forureiningsstyremaktane eller dei etatane eller institusjonane forureiningsstyremaktane gir fullmakt, inspisere anlegget kvart tid som helst.

3. Forureiningsgebyr og straffeansvar

Forureiningsmaktane kan etter reglane i § 73 i lov om vern mot forureiningar og om avfall fastsetje nærmare reglar om forureiningsgebyr for å sikre at vilkåra i løyvet blir halde.

Brot på vilkåra i løyvet er straffbart etter kap. 10 i lov om vern mot forureiningar og om avfall.

4. Ytterlegare tiltak

Det kan krevjast at Borstrondi skyttarlag gjer endringar i det beståande anlegget med sikte på å minke støynivået i den monn utviklinga har gjort slike endringar allment aksepterte som teknisk/økonomisk forsvarlege ut i frå praksis i samanliknbare tilfelle. Her må det takast omsyn til geografisk plassering, busetnad i nærleiken og andre forhold. Forureiningsstyremaktane kan krevje avgrensingar i bruken av banen dersom støyulempene blir større enn ein hadde rekna med.

5. Endring og omgjering av løyve

SFT kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet eller setje nye vilkår, og om det er naudsynt, kalle løyvet tilbake dersom vilkåra i § 18 i lov om vern mot forureiningar og om avfall er til stades.

6. Stans i drifta

Dersom verksemda har vore lagt ned eller stansa i meir enn 2 år, skal det givast melding til SFT dersom ein ønskjer å starte verksemda på ny.

ADRESSELISTE

Voss kommune
5701 Voss

Fylkesmannen i Hordaland
Miljøvrnavdelingen
P.b. 106
6001 Bergen

Hordaland fylkeskommune
P.b. 1923
5011 Nordnes